

Møtbok 4-23, Lykling sokneråd 12.04.23

Ons 12.04.23 kl 19:00, Lykling kyrkje

Rådsmedlem som møtte:

Fridleif Lydersen, Sissel S. Gåsland, Heidi Vold Ådnanes, Linda S. Gunnarsjaa, Elisabeth Bjørnevik, Astri L. Sakseide og Inger Johanne Sele.

1.vara:

Johannes Bernhard Hjelland

Inviterte gjester: Aksel Lygre, Randi Olsen og Anne Margrethe Eidesvik frå Estlandskomiteen

Opning: v/Aksel Lygre: Markus 6, 30-34 og refleksjonar rundt det å ta seg tid til å vere stille med Gud i tenesta- og å ivareta eigne interesser for ikkje å brenna seg ut.

Saksliste:

Sak 28-23 Besøk av representantar frå Estlands komiteen

Aksel fortalde historia frå tida då samarbeidet starta (i 1996) og fram mot i dag. Dei første åra var det hovudsakleg praktisk og økonomisk hjelp til reperasjonar/utbetringar og investeringar i kyrkja. Frå 2011 starta ein opp med sommarleirar for estisk og norsk ungdom. Då deltek ca 20 – 25 ungdommar. Desse leirane har vore haldne både i Noreg og Estland. Kyrkjelyden i Sangaste opplever at desse leirane er svært positive og ser på det som noko av det viktigaste arbeidet kyrkjelydane på Bømlo kan støtta opp om. Det siste året har og ungdommar frå Ukraina delteke på leirane. I år skal det reisa 5 ungdommar og 3 vaksne frå Bømlo til Sangaste for å arrangera sommarleir første veka i august.

I tillegg vert ein del av midlane frå Bømlo nytta til sosial hjelp og fattigomsorg driven av den lokale kyrkjelyden. Vidare delte Randi og Anne Margrethe frå intrykka dei hadde fått gjennom arbeidet i komiteen og besøk i Estland.

Soknerådet opplevde møtet som både kjekt og interessant, og forslaget om ein temakveld med Estlandskomiteen vart lagt på bordet.

Sak 29-23 Godkjenning av referat og innkalling.

Merknad til manglande referat i utsendt e-post. Dette vert ordna snarast.

Sak 30-23 Meldingar og skriv

*To nye myggar og ein trådløs mikrofon er kjøpt inn til Lykling kyrkje. Ein mygg er motteken, mygg nr to og mikrofon vert levert til hausten. Soknerådet dekkar utgiftene til dette og søker fellesrådet om eventuell stønad i etterkant.

* 17.mai-koret; så langt 5 påmeldte. Invitasjon er lagt ut på kyrkja si heimeside FB. Inger sender ut ein ny påminning med påmeldingsfrist.

* Spørsmål om varmepumpa på årsmøtet. F.L. har sjekka m/J.G.R. og fagfolk, og tilbakemeldingane er at pumpene er utslitte og bør/må skiftast.

- * Info frå J.G. Røsland gjeldande sending av dokument til kyrkjekontoret.
- * Referat frå møte i Estlandskomiteen 7.03.2023, jfr vidaresending
- * Frå Kirkerådet, planverktøyet «Kirka vår». Fleire opplever pålogginga som problematisk. Rådet vedtek at dette ikkje er noko me ynskjer å bruka i dag.
- * Takk for offergåver.
- * Søknader om offergåver. Desse vert teken med i vurdering når offerlista for hausten skal vedtakast.

Sak 31-23 Nokon som har noko å melde frå sitt ansvarsområde?

Det må lagast ekstra kolonne i kyrkjeboka med plass til offer komen inn på vipps

Sak 32-23 Val 2023

Lista over kandidatane til soknerådsvalet er sendt inn. Neste steg for soknerådet vert å sette opp vaktliste for valdagen og perioden for førehandstemming. Dette vert sett opp som eiga sak på siste rådsmøte før sommaren. Fridleif hentar inn informasjon om kor mange vakter som trengs.

Sak 33-23 Årsmøte 19.mars 2023

Evaluerings: Møtet gjekk greitt og me held på forma.

Sak 34-23 Fasteaksjonen 28.mars

Evaluerings: Sissel legg ut resultatet på Lykling sokn si fb-side.

Sak 35-23 Årshjul 2023

Forslag til temakveldar:

28.09. Sangaste v/Estlandskomiteen

- med særskild invitasjon til ungdommane i soknet

19.10. Songkveld med kyrkjekora på Bømlo og Moster

16.11. Vår kristne kulturarv

Soknerådsmøter:

30.08., 20.09. og 18.10.

Sak 36-23 London-tur

Soknet vedtek å senda kr 5000.- i stønad til fellesrådet. Dette beløpet dekkjer om lag utgiftene for ein reiseleiar.

Sak 37-23 Tru:D

Innspel til saka frå S.S. Gåsland:

Kan nokre av Tru:D tiltaka flyttast til bedehuset på Kanalen? Huset er godt eigna og ligg midt i bygda. Soknerådet er positivt på dette.

Sak 38-23 Ymse

*Konfirmantgudsteneste 27.04 kl 19.00:

pizza til konfirmantane (Sissel) i pausen mellom øving og gudstenesta. Det vert og kyrkjekaffi med festkaker etter gudstenesta

- * Det vert bestilt raude roser til konfirmantane på konfirmasjonsdagen

- * Utelysa over dørene må skiftast.

Teca har gitt tilbud på lamper og arbeid (2t): 3150,- pr lampe (3 stk).

Soknerådet vedtek å bestilla dette.

***Neste soknerådsmøte onsdag 10.05.23 kl 19:00.**

- *Ord til opning på neste møte: Sissel